

Nr. 4-2012, årgang 47.

KYRKJEBLAD


for Kviteseid, Vrådalen, Brunkeberg og Fjågesund og Kilen sokn.



Åsmund Aamaas og Solvor Lauritzen er på besøk ved kunstutstillinga om juleevangeliet ved Kviteseid Bok og Papir.

Side 3: Biskopen vår kjem med ei julehelsing.
Side 8: Håkon Birkeland fortel om Afrika og Vrådalen.





Kontaktinformasjon

Ansvarleg redaktør:
Hallvard N. Jørgensen

Bankgiro:
Kyrkjeblad for Kviteseid,
3850 Kviteseid
Kontonr. 2660 10 30615

Aktuelle adresser:

Kyrjekontoret i Kviteseid
Tlf. 35 06 81 31 – Faks. 35 06 81 28
Adresse: Statens Hus, 3850 Kviteseid
E-post:
kyrkjekontoret@kviteseid.online.no

Olav Nordskog
Fung. kyrkjevevje
Kontor tlf. 35 06 81 31

Dagfinn Køhn
Organist
Kontor tlf. 35 06 81 48

Werner Thorkildsen
Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar

Jan Haugen
Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar
Mobil tlf. 91 12 02 48

Geir Valle
Sokneprest i Kviteseid og Brunkeberg
Kontor tlf. 35 06 81 32
Mobil tlf. 97 15 04 27
Bustad tlf. 35 05 51 75
E-post: ge-vall@online.no

Hallvard Nordbø Jørgensen
Sokneprest i Vrådal, Fjågesund og Kilen
Kontor tlf. 35 06 81 29
Mobil tlf. 95 92 29 84
E-post: hallvardnj@gmail.com

Eilev Erikstein
Prostidiakon, 3880 Dalen
Mobil tlf. 91 11 35 80

Om bladet

Framsidedfoto: Kjell Arne Norum
Kyrkjefoto på framsida: Leif Jamtveit og
Niklas Karlsen
Utforming: Niklas Karlsen
Trykk: Erik Tanche Nilssen AS
Bladet er trykt på resirkulera papir.

Bidragstytarar i dette nummer: Bjarne
Sveinall, Kjell Arne Norum, Hallvard
Nordbø Jørgensen, Eilev Erikstein, Geir
Valle, Herdis Nordbø Jørgensen.

Den vakraste forteljinga i verda

Sjølvsagt er det juleevangeliet, slik vi møter det i andre kapittel av Lukasevangeliet. Ei forteljing som vever saman jord og himmel på ein måte som bryt med alle konvensjonar og tankar om Gud og menneske. Men og ei forteljing, som tross alt det vakre, har i seg utfordringar til vår tid og alle tider.

Forteljinga om glede.

Det er glede som bryt gjennom nattemørket og himmelrommet. Himmelsk glede, med jubel og lovsong frå englekoret, som rører ved ein flik av jorda. Ei glede som er meint for alle menneske, men som ganske underleg vert lagt i fanget på ein flokk unge gjetarar utanfor Betlehem. Av alle menneske på jorda vart det desse lågstatus-ungdomane som først fekk oppgåva med å spreie himmelsk glede. Ganske merkeleg! Tankevekkande!

Forteljinga om menneska

Forteljinga vår startar med ein keisar og ein keisarleg statthaldar. Den ypparste eliten i det romerske verdsriket, men dei blir snart borte. For fram på scenekanten dukkar dei enkle menneska opp. Ei ung jente og hennar forlova. Dei som ber på underet, på himmelkongen. Fattige gjetarar med tvilsamt rykte, står plutselig midt i det himmelske solskin. Slik er forteljinga ei påminning om Han som tronar i det høge. Han er og den som ser til dei enkle og audmjuke, og løfter dei fram. Så når vi fyller hus og heimar med gåver og god-saker, når julebordskøane har heldt seg i veke etter veke, så vender forteljinga blikket vårt mot hus og heimar, stadar og land, der fattigdom, fornedring og nød styrer dagane.

Tankevekkande! Kan det tenkast at alle våre lys blendar for det himmelske lyset?

Ein ny forteljing om Gud.

Det er mange forteljingar om Gud i Det gamle testamentet. Mange av dei flotte å lese, mens andre er gåtefulle og krevjande. Juleevangeliet gjev oss ei helt ny forteljing om Gud. Ei historie om ubegripeleg nærleik. Stall og krubbe er nok ikkje noko eineståande føderom i vår verden, men når englane sitt gledesbod vert kopla saman med denne stallen, så aner gjetarane ein flik av det totalt ubegripelege. Møte med barnet tenner gleda deira, og dei aner Guddommeleg nærvær. Det er ei forteljing om den evige Gud som bøyer seg ned, og vever seg saman med menneska i eit av dei mest urolig områda i verda, og via dei, med heile menneskeslekta. Som eit sårbart og hjelpelaust barn, tek Gud bustad i vår verd. Vi treng difor ikkje klatre på fromme stigar eller strekke oss med særlege åndelege øvingar for å nå opp til Gud. Han er ein Gud som er nær, ein Gud som tronar i det låge og sårbare. Som i skapnad av eit barn opnar opp dører for både fattig og rik. Ein frelser for alle folk.

Så lat oss med Maria og dei som kom til stallen, sleppe undringa til. For den som tek til å undre seg over barnet i stallen, finn ofte ein veg til glede og håp.

Med dette vil eg ønske alle ei god jul, med undring, glede og håp.

Bjarne Sveinall, fung biskop

Den tapre siste anglikanar

Eg treffe ho på Gazastripa. Var på studietur til Israel og Palestina. Mange sterke inntrykk og kjensler alle vegar. Eit Midtausten som synest å vera ein smeltedigel for problem. Men samstundes mange gode menneske, med håp og tru på endring, og altså ei sterk engelsk kvinne. Med ein gong ho presentera seg, tok eg til å tenkje på indianarar, og ein av favorittbøkene mine frå barndomen. „Den siste mohikanar.“ Men dama eg møtte likna ikkje mykje på ein indianar.

Ho tok meg fast i handa. Såg rett på meg. No minnest eg ikkje noko namn, berre måten ho presentera seg på: „Eg er den siste anglikanar på Gaza.“

I dag er det berre 1300 kristne igjen i Gaza. Talet går stadig nedover. Men dei kristne her driv eit imponerande diakonalt arbeid. Gaza er ei ørlita landstripe. Kjent frå krig og konflikt sidan 1948. Her bur det 1,6 millionar. 75 prosent av dei er flyktingar. Nesten femti prosent under 15 år. Stengt frå alle kantar. I ryggen har dei Israel, ute i havet er dei stengt av den israelske marinen. Forsyningane kjem gjennom smugling frå Egypt, og meir eller mindre lovleg gjennom diverse Check-Point.

Den siste anglikanar på Gaza var ei skolert og godt utdanna dame. I trettifem år har ho vore overlege på eit sjukehus. Kva ho har sett og opplevd kan eg ikkje førestille meg. Redsle og rakettar, sjølvmondsbombarar, svolt og naud.

Det må ligge i maten, tenkjer eg. Tek ho kanskje Møllers tran? Men ernæringsssituasjonen er dårleg på Gaza.

Mange lir under feilernæring. Feilernæring på så mange måtar. Og heilt sikkert for mykje krig og konflikt.

Kanskje det er me som er feilernært? Et for mykje søt tru og for mange feite ord. For lite konkret handling, feil fordeling av ressursane og alt for lite kamp for rettferda?

Den siste anglikanaren på Gaza vart der og då inkarnasjonen på den kjempande diakonien: Sjølve evangeliet i handling! Så sit kanskje trua i små kirurgsting på eit landmineskadd barn – fordi Kristus er i alle lidande. Og vår tørste og hunger vert stilt i møte med dei som treng oss, og hjå Han som seier at det de har gjort mot ein av desse mine minste, det har de gjort mot meg. Han som sjølv stod fram og med kraftfulle ord:

*Herrens Ande er over meg,
for han har salva meg
til å forkynna ein god bodskap for fattige.
Han har sendt meg for å ropa ut
at fangar skal få fridom
og at blinde skal få sjå,
for å setja undertrykte fri
og ropa ut eit nådeår frå Herren.
(Lukas 4,17-19)*

Så tek eg meg stadig i å nynne ein eigen song om „Den siste tapre anglikanar“. I denne samanhengen på ei stille og sår salmetone.

– Be for oss, sa den gode anglikanar når me takka for oss. „Be for oss, og gløym oss ikkje!“

Eilev Erikstein



Vrådal bedehus 100 år

Det var stor jubileumsfest i Vrådal då bedehuset vart feira søndag 21. oktober. Huset er godt opprusta og tok imot bygdefolk og tilreisande med opne dører. Nils Tore Andersen heldt festtale og Kviteseid kyrkjekor song. Det var gode helsingar og solid og god servering. Vi fekk høyre om korleis huset har vore nytta på mangfaldig vis gjennom dei hundre åra. Vidare vart det fortald om dei mange som har teke ansvar for å halde huset fint, og om korleis ting har

lagt seg til rette i kritiske situasjonar. Vrådal Normisjon har von for framtida. Foreininga er lita og mange av medlemmane er gamle, men det å ha eit godt hus er eit godt utgangspunkt for nye tiltak. Det siste er fredagsmiddagar med enkelt og barnevenleg program. Eit hefte med historikken til bedehuset er laga til jubileet og er til sals. Dette kostar 60 kr, og kan kjøpast av Kjell Arne Norum, Herdis Nordbø Jørgensen, eller på Bedehuset.



Lysmesse i Kviteseid gamlekyrkje

Fredag 9.11. var det helgemesse i Kviteseid gamlekyrkje. Her ser vi russekoret frå Kvitsund Gymnas som syng til songane i gudstenesta.



Med hjartet i Afrika og Vrådøl

Håkon Birkeland er ein blid og lun kar. Men når eg spør kvar han kjem frå, får han problem med å svare. Han vart fødd som misjonærbarn i Etiopia, og der budde han til han var tretten år, men med periodar heime i Norge. Skjønt kva var heime? Og korleis vart oppveksten i ein annan kultur enn vår norske?

Då eg var sju år, flytta eg på internatskule ei dagsreise eller to heimanfrå, fortel Håkon. Etter det var eg heime med familien berre i store feriar. Eg burde ha teke meir skade enn eg gjorde, for ei slik ordning er ikkje heldig. Det ser eg no når eg jobbar i psykiatrien og veit kva nære relasjonar har å bety i tidlege år. Eg hadde aldri gjort det med eigne born, og i dag bur alle misjonærborna heime med foreldra. Likevel ser eg på barndomen min som eit eventyr! Etiopia er mitt andre heimland.

Kva gav det deg å vekse opp slik?

Det gav masse opplevingar. Dessutan fekk eg kulturforståing og eit ope sinn i høve til andre kulturar. Vidare gav det meg ein rettferdssans, særleg med tanke på fordeling. Eg har sett mykje fattigdom og naud. Det at eg har ein funksjonshemma bror, har nok også betydd noko i så måte. Men den spesielle oppveksten har også gjort meg noko rastlaus. Eg skifta mykje miljø. Kvar gong eg kom til Norge og til Drammen, kom eg i ei ny klasse, til dømes. Då var det lettare å kome tilbake til Etiopia att, til dei gamle venene der. For tre år sidan dro heile familien ut saman – Målfrid og eg, borna våre og to svigerborn. Vi reiste rundt i tre veker med bil. Eg hadde ein

veldig trong for å vise dei Afrika og mi historie. Framleis lengtar eg tilbake. Og språket ligg der inni meg.

Hadde landet endra seg sidan du var barn?

Det var trist å sjå kor lite som var forandra. Landsbygda og fattigdomen var akkurat den same. I Addis var det fleire moderne bygg – og kanskje enda større klasseskilje.

Korleis ser du på det å drive misjon?

Eg trur at folk har ei misforstått oppfatning av kva misjon er. Dei tenkjer at det er kulturimperialisme eller overgrep mot kultur. Men sosialt arbeid og evangelisering går hand i hand. Ein skaffar reint vatn, byggjer skular, deler ut mat. Elles er ein del av den lokale kulturen veldig negativ. I eit område av Etiopia drep ein spedborn som får tenner i feil kjeve først, og det er berre eitt eksempel.

Vi trur på at misjonen er viktig og at Gud har eit anna liv å gi. Dei som vert kristne, får ei heilt anna haldning til familie, arbeid, omgivinga, hus og heim. Heile livet vert endra. Ein tek vare på seg sjølv og andre på ein annan måte.

Korleis er ditt eige tilhøve til trua?

Eg har alltid rekna meg som ein kristen. Det vart meir bevisst etter kvart. Ein må ta eit val. Kva trua gjev, varierer etter kvar i livet ein er. For meg tyder tryggleiken mykje. Fellesskap er også viktig. Ofte har eg sakna





ein sterkare og nærare fellesskap. Men då den yngste sonen vår, Mathias, vart livstruande sjuk for tre år sidan, opplevde vi ei enorm støtte frå ein vidt forgreina kristen fellesskap, på tvers av kyrkjelyder og geografi, frå Etiopia og Sverige og Norge. Det betydde veldig mykje for oss, og eg trur at dei mange bønene hjalp han til å bli frisk.

Tilbake til oppveksten din igjen – korleis var jula for dykk i Etiopia?

Det var ikkje så lett å finne juletre, men vi fann gjerne eit nåletre som kunne minne om

gran. Det var den varmaste tida på året, og det var tørketid. Vi åt villsvin til middag. Det vart kanskje som ei slags ribbe.

Kva skjedde vidare i livet ditt?

Eg kom til Kviteseid i gymnaset. På Kvitsund fekk eg vener for livet. Kvar haust dreg fire–fem av oss på fugle jakt på Vestlandet. Rett nok vert det som regel med sausen. Så gjekk eg eit år på bibelskulen på Fjellhaug i Oslo. Fyrst her vart eg kjend med Målfrid, endå eg hadde sett henne på Kvitsund. Dermed var det gjort!

Eg tok sjukepleiarskulen på Lovisenberg, og Målfrid gjorde seinare det same. Men så måtte vi ta et viktig val. Faren til Målfrid døydde, og mora sat aleine att på garden. Skulle vi reise til Skree og overta? Vi gjorde det.

De bur med eit vidt utsyn over skog og vatn, li og fjell. Kunne ein afrikanar som du trivast på ein såpass einsleg gard?

Ja, her har eg trivest. Eg har fått realisert mange av draumane mine her. Eg har brukt fjellet, og eg har alltid likt å skape ting med hendene. På ein gard er det mykje vedlikehald. I ti-femten år hadde vi opptil tretti vinterfora sauer, og vi har hatt hest, høner og kaninar til husbruk. Eg veit ikkje om eg har vore så mykje bonde. Det har nok ikkje vore noko mønsterbruk. Men Målfrid har vore raus der. Eg har ein hobby eg har hatt mykje glede av. Det er å måle bilete. Dessutan har eg jo hatt ein jobb ved sida av.

Ja, fortel om arbeidet ditt!

Det var litt tilfeldig at eg vart sjukepleiar. Eg søkte lærarskulen også, men eg kom inn på sjukepleiarskulen, og då vart det slik. Det er eg glad for. Det har gitt meg mange mogelege vegar å gå. Eg har vore i eldreomsorga, i bedriftshelsetenesta og i vidaregåande skule som lærar i helse- og sosialfag. No er eg i psykiatrien, ved Seljord distriktpsikiatriske senter (DPS). Det er i psykiatrien eg har vore lengst, og eg føler at det er rett plass. Det er ein privilegert posisjon – å kome nær inn på det sårbare hos folk, det folk slit med – ofte veldig vanskelege og grunnleggjande ting i

livet. Eg har vore ein del av akutt-teamet dei siste åra. Vi vert kalt ut i krisesituasjonar. I psykiatrien oppdagar ein at dei fleste slit med mykje av det same – og for nokon vert det så stort at ein ikkje kan takle det aleine. Så blir ein glad for at ein kan reise heim frå jobb og vere takknemleg for at ein sjølv kan vere frisk.

Dermed kjem vi tilbake til heimen din att.

Det har vore godt for Målfrid og meg å vite at Vrådal har vore ein god plass å vekse opp for borna våre. No har den yngste av dei fire flytta til Kvitsund på internat, så no bur vi to aleine på garden. Vi har vore gift i tretti år, og vi har fire born, to svigerdøtrer og to barnebarn. Eg har ein fantastisk familie!

Du har kontakt med mange andre born òg. Du er med i Yngres i Vrådal, og de feirar 25 år i år!

Ja, vi starta Yngres i 1987. Det var viktig å starte eit positivt fritidstilbod for borna. Der kunne vaksne vere med og ha tid til dei og formidle at trua på Gud er ein tryggleik i livet, og at denne trua har ein naturleg plass i tilværet. Born frå 10 år og opp til 15–16-årsalderen er med. Det er heilt vesentleg at Astrid og Jan Gunnar Breivik er med i dette. Og så har vi eit lagsteam med friske ungdomar frå Kvitsund. Programmet inneheld spel og konkurransar, og litt hobbyarbeid før jol. Det er mat og andakt. Så å seie alle møter, og dei vil gjerne ha fleire samlingar!

Då seier eg takk for samtalen, med gratulasjon til Yngres og med anerkjening til trufaste leiarar!
KANO

Prestens hjørne

Den gamle biskopen i Oslo, Alex Johnson, var ein vis mann med underfundig humor. I si presteteneste hadde han stadig par til samlivs-rådgjeving. Ofte hørde han det vart sagt: „Vi har så store problem i ekteskapet; vi passar rett og slett ikkje saman!“ Då svara Johnson gjerne slik, på sitt underfundige vis: „Ja, men, trudde de at de skulle passe saman?? Ingen passar saman.“ Så heldt han fram med eit bilete som ikkje akkurat var romantisk. Ekteskapet, sa han, er som to ulike kjøttstykke som blir klaska saman og lagt i ei kjøttkvern, og mosa saman. Ja, for står det ikkje i Bibelen at 'Dei to skal verte eitt kjøt'??

No bør ein nok ta Johnsons bibelbruk her med ei klype salt. Men han understrekar eit viktig poeng: Ekte samliv er ikkje berre som på film og reklame. Når to ulike menneske skal leve saman i ekteskap, vil det bli utfordringar og problem, det må ein rekne med. Ja, den gamle kyrkjeleiaren Carl Fr. Wisløff samanlikna av og til ekteskapet med å kjempe på slagmarka i ein krig. Ein må berre presse på og halde fram; ein kan verken snu eller trekke seg ut.

Johnson og Wisløff understrekar kvar på sine vis at ekteskap krev arbeid for å fungere. Ting går ikkje heilt av seg sjølv. Bibelen peikar i så måte på Jesu kjærleik som førebiletet. Jesus leid og



ofra seg sjølv for dei han var glad i. Han vart ein tenar for dei og tenkte på deira beste. Ja, det er ein slik sjølv-oppofrande kjærleik som krevjast når ektefellane lovar å „elske og ære ... bli trufast hjå ... i gode og vonde dagar, inntil døden skil dykk åt.“ Slik sett kan vi seie at Jesus lærer oss den viktigaste biten av oppskrift på eit trygt og godt samliv etter Guds vilje.

Hallvard N. Jørgensen

Oppslagstavla

Skyss til gudsteneste?

Kviteseid

Ring Hadle og Ragnhild på
tlf. 350 53 784.

Føremiddagstreff på Misjonshuset

Onsdag 23. januar kl. 11

Onsdag 20. februar kl. 11

Onsdag 20. mars kl. 11

Skyss? Ring Martha tlf. 350 53 308 eller
mobil 970 13 661.

Gåver til Kyrkjebladet

I dette nummeret ligg det ein giroblankett som kan brukast til å sende ei gåve til Kyrkjebladet.

Rekneskapen syner at det trengs ca kr 50 000 i året for å lage dette bladet, og vi er takksame til alle som vil vere med i denne dugnaden. Det er ikkje meininga at vi skal tene pengar på dette tiltaket, men utgiftene må dekkjast, og eit eventuelt underskot må takast frå eit allereie hardt pressa kyrkjebudsjett. Som de nok legg merke til har det blitt eit nytt Kyrkjeblad vi no får mellom hendene – dette året er formatet redusert litt, og vi har gått over til bruk av fargar, mot tidlegare bare svart/kvitt. På den måten vonar vi det blir ein meir attraktiv trykksak som dumpar ned i postkassa 4 gonger i året. Redaksjonen vil nytte dette høvet til å ynskje alle lesarane ei gild jolehøgtid!

Skifte av kyrkjeverje

Jan Einar Eng vart tilsett som kyrkjeverje i Kviteseid jola 1995. Han har vore ein trufast og god medarbeidar som mange har sett stor pris på. Hausten 2010 vart han imidlertid sjukmeldt på grunn av sviktande helse. Olav Nordskog har vore vikar sidan dette, og vi er glade for at han no i haust også takka ja til den faste stillinga som kyrkjeverje. I neste nummer av kyrkjebladet vil vi høyre meir om Jan Einar, og gje han ein skikkeleg takk for tenesta han har gjort.

Ho syng for han


Ho syng for han, sin skøyre, vesle skatt
som andar lett og roleg innved barmen.
Ho held han inntil brystet sitt med
armen
og sveiper Sonen i hans fyrste natt.

No sovnar han. Vår Gud lèt auga att
og døser mett i halvmørket og varmen.
Og Josef stengjer døra stilt i karmen.
Maria er så trøytt, ho smiler matt.

Men endå syng ho stilt om Herren Gud
som ser i nåde til dei minste små
og bøyer ned dei store og dei sterke.

Ho stryk med handa over barnehud,
den same huda som ho skal få sjå
med raude sår og djupe naglemerke.

*Frå „Evangeliesonettar“ av Hans Johan
Sagrusten, Lunde forlag, 2012.*



I Kristus, nær livet – ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.

(Frå Den norske kyrkja sitt visjonsdokument 2009–2014,
vedteke av Kyrkjemøtet 2008.)

Døypete

- Brunkeberg: Trym Heggtveit
Steinbakk (busett i Oslo),
Alfred Jore (busett i
Kviteseid)
- Fjågesund: Veslemøy Gravir-
Gullhaugen (busett i
Førresfjorden)
- Kviteseid: Tallak Vaagen Kvalbein,
Olav Nordskog Haugstøl
(busett i Oslo)
- Vrådal: Emilian Snaunes Jamtveit
(busett i Skien)

Gravlagde

- Brunkeberg: Ragnar Kolltveit,
Ragnar Magnushommen,
Aslaug Gjersund
- Fjågesund: Aslaug Østenå
- Vrådal: Ragnvald Naper



Ny omsetjing av Herrens bøn

Det er mange endringar på gang i Den norske kyrkja for tida. Ei av endringane er at vi har fått ei ny og god bibelomsetjing med meir oppdatert språk. Her har også omsetjinga av Herrens bøn blitt litt endra. Eg skal kommentere desse endringane litt, men fyrst skal vi sjå korleis den nye omsetjinga har blitt. (Ein kan nok like gjerne lære ho, fyrst som sist, for frå no av der det denne som vert bruka i alle gudstenestene!)

Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde.


For riket er ditt og makta og æra i all æve.

Amen.

Det er særleg tre språklege endringar i denne nye omsetjinga. Den fyrste er også den mest iaugefallande. Vi seier ikkje lenger „Fader,“ men „Far“. Nokre vil nok tykkje det er litt vemodig at vi ikkje lenger skal seie „Fader Vår.“ Ja, det inneber eigentleg at vi frå no av også må omtale bønna som „Herrens bøn,“ slik dei gjer i England („The Lord’s Prayer“). Likevel: Det var nok på tide med denne endringa. Den greske, nytestamentlege teksten seier rett og slett berre „Far“ („Pater“), og det er vel dei færraste i Noreg som framleis omtalar far sin som „Fader.“ Vi

kan seie det slik: Jesus ville verkeleg at vi skulle omtale Gud som vår omsorgsfulle Far, ikkje som ein opphøgd og fjern „Fader.“

Den andre endringa er ganske enkel og grei. „Forlat oss vår skuld“ har blitt til „Tilgjev oss vår skuld.“ Dette tykkjer eg er ei ganske grei endring. Eg vil nok tru at det er lettare for mange i vår tid å forstå verbet „tilgje“ enn „forlate.“ Innhaldsmessig er det heller ikkje nokon særleg forskjell. Den tredje endringa



har det imidlertid vore meir debatt om. Til no har vi bede: „Før oss ikkje ut i freisting.“ Dette har no blitt til: „Lat oss ikkje koma i freisting.“ I byrjinga var eg usikker på om denne nye omsetjinga verkeleg heldt mål, i høve til den greske teksten. Men etter nærare studiar av den jødiske bakgrunnen for bønna, har eg vorte overtydd om at omsetjinga er god. Ho ligg også nær Jesu formaning til sine læresveinar i Getsemanehagen, før han skulle lide: „Vak og be at de ikkje må koma i freisting!“ (Matt 26,41)

Hallvard N. Jørgensen

Returadresse:
Kyrkjekontoret
3850 Kviteseid

Gudstenester

DESEMBER 2012

Sun. 16. 3. s. i adventstida Joh.5, 31–36
Vrådal kl 11. Valle. Familiegudsteneste.
Utdeling av Mi Kyrkjebok, og kalendrar
til 5-åringane. Ofr IKO
Kviteseid kl 18. Adventskonsert.

Sun. 23. 4. s. i adventstida. Matt. 1, 18–25
Kilen kapell kl 16. Jørgensen. Ofr. kyrkjelydsarbeidet.
„Eit annleis jolebord“ (Kveldsmat etter
gudstenesta.)

Mån. 24. Jolaftan Luk.2, 1–20
Brunkeberg kl 15. Valle. Ofr. Kirkens Bymisjon.
Vrådal kl 16. Jørgensen. Ofr. Kirkens Nødhjelp.
Kviteseid kl 16.15. Valle. Ofr. Kirkens Nødhjelp.

Tys.25. Joledag Joh.1, 1–14
Kviteseid kl 11. Jørgensen. Høgtidsgudsteneste.
Kviteseid kyrkjekor. Ofr. MF.
Vrådal kl 11. Valle. Høgtidsgudsteneste. Ofr. NMS.

Ons. 26. 2. joledag Joh.1, 1–14
Brunkeberg kl 11. Valle. Høgtidsgudsteneste. Ofr. NMS.
Fjågesund kl 11. Jørgensen. Høgtidsgudsteneste.
Ofr. Stefanusalliansen.

Mån. 31. Nyårsaftan Matt.11, 25–30
Kviteseid kl 23. Jørgensen.

JANUAR 2013

Sun. 6. Kristi openberringsdag Joh. 12, 42–47
Kviteseid kl 11. Valle. Nattverd.

Sun 13. 2.s. i openberringstida Kol. 1, 15–20
Vrådal kl 11. Jørgensen. Nattverd.
Ofr. kyrkjelydsarbeidet.

Sun. 20 3. s. i openberringstida Joh. 1,15–18
Brunkeberg kl 11. Valle. Nattverd.

Sun. 27. Såmannssundagen Matt. 13, 24–30
Fjågesund kl 11. Valle. Ofr. kyrkjelydsarbeidet.
Kviteseid kl 16.30. Valle. Familiegudsteneste.
Kviteseid Barnegospel.

FEBRUAR

Sun. 3. Kristi forklåringsdag Luk. 9, 28–36
Vrådal kl 11. Jørgensen. Kviteseid kyrkjekor.
Ofr. Bibelselskapet.

Sun. 10. Fastelavnsundag Luk. 18. 31–34
Brunkeberg kl 11. Valle.

Sun. 17. 1. s. i fastetida Matt. 26, 36–45
Kviteseid kl 11. Valle. Nattverd.

Sun. 24. 2. s. i fastetida Luk. 13, 22–30
Vrådal kl 11. Jørgensen. Nattverd. Unge Røyster.
Ofr. Menighetsfakultetet.

MARS

Sun. 3. 3 s. i fastetida Luk. 22, 28–34
Kviteseid kl 11. Valle. Nattverd.

Sun. 10. 4. s. i fastetida Joh.6, 24–36
Brunkeberg kl 11. Valle. Nattverd.
Kilen kapell kl 16. Valle. Nattverd.
Ofr. Rachel Trovis stiftelse.

Ons. 13.
Kviteseid kl 19. Fastegudsteneste med Taizé-preg.

Sun. 17. Maria bodskapsdag Luk.1, 39–45
Kviteseid kl 11. Jørgensen.